

Love for Arnafjord ungdomslag

vedtekne på årsmøtet 04.05.2007

§ 1 Føremål

1. Arnafjord ungdomslag er eit frilyndt lag der ungdom kan drive med meiningsfylte og allsidige fritidsaktivitetar.
2. Laget skal vere aktiv medspelar i utvikling av eit levande og godt nærmiljø for alle aldersgrupper i Arnafjorden.

§ 2 Medlemskap og årskontingent.

1. Barn kan bli medlemmer i Arnafjord ungdomslag når dei har fylt 12 år og har betalt kontingent. Dei som har fylt 14 år og godkjenner føremålet til Arnafjord ungdomslag, er medlemmer i laget med fulle rettar og plikter. Røysterrett i lagssaker har dei som har vore medlem i minst ein måned.
2. Styret i laget har ansvar for medlemsverving.

§ 3 Årsmøtet

1. Arbeidet i laget skal fylgje kalenderåret.
2. Årsmøte vert halde så snart som råd etter nyttår. Omframtidig årsmøte skal haldast når årsmøtet, lovleg innkalla medlemsmøte, styret i laget eller 1/3 av medlemmene krev det. Årsmøtet konstituerer seg med godkjenning av innkalling og sakliste, val av ordstyrar, referent og 2 medlemmer til å skrive under møteboka.
3. På årsmøtet vel laget eit styre på 5 medlemmar og 1 varamedlem. Leiar vert vald særskild kvart år. Årsmøte vel revisor til å revidera rekneskapen. Til styret vert kvar vald for to år om gongen, slik at 2 står på val eit år og 3 neste år. Dei som blir valde inn i styret skal vere busett i Arnafjord Sokn.
4. På årsmøte skal form. gjeva utgreiing om laget sitt arbeid siste året og kasserar legg fram rekneskapen i ettersedd stand. Årsmøtet kan ikkje gjere vedtak i saker som ikkje er oppsett på lovleg utsendt innkalling.

§ 4 Styret

1. Styret vel seg imellom nestleiar, kasserar og skrivar. (og andre etter som det er aktuelt).
2. Styret har ansvar for eigenlutane og den daglege drifta av laget. Styret har overordna ansvar for arbeidet i nemnder og særgreiner.
3. Styret skal sørge for at årsmøtet får årsmelding og revidert rekneskap. Dessutan skal det legge fram arbeidsprogram og budsjett for det nye arbeidsåret.
4. Styret rår over eigenlutane og skal drive laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med arbeidsprogram og budsjett.
5. Løyvingar / vedtak om investeringar over kr 50.000,- og skal godkjennast av årsmøtet med minst 2/3 fleirtal. Også opptak av lån med pant i laget sin eigedom skal godkjennast av årsmøtet med minst 2/3 fleirtal.
6. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades og røystar.
7. Styret skal føre vedtaksprotokoll for styremøte, medlemsmøte og årsmøte. Protokollen frå årsmøtet skal underskrivast av dei to som blir valde av årsmøtet til dette.

§ 5 Trygging av eiga

Sjå «Nye lover om eigedoms- og bruksrett av ungdomshuset *Samhold*» frå 10.3.1985.

§ 6 Lovendring

Lovendingar må bli vedtekne på to ulike årsmøte. Skriftleg framlegg til lovendring skal vere kunngjort minst 14 dagar før fyrste årsmøtet. Årsmøtet kan då vedta endring med 2/3 fleirtal. På eit seinare årsmøte kan lovendingane bli vedtekne endeleg med simpelt fleirtal.